

Soropipa (ryti-, halm-, vass-, sävpipa, samt påskpipa, kaza)

Struktur och historia

Soropipa vart brukt seinast i mellomalderen, og er det einaste fingerholinstrumentet som har spreidd seg over heile Finland og Karelen. Lyden i dette arkaiske klarinettliknande instrumentet vert laga av eit røyrblad som vert skjert ut inntil ein knute i ein hol stilk. Eigna vekster er takrøyr (*Phragmites australis*), rugstrå eller sløke (*Angelica sylvestris*).



Bilete 1. Røyrblada på halm- og takrøyrpiper skjerast vanlegvis i ulike retningar

Dei fleste pipene hadde tre eller fire fingerhol, og nokre hadde ingen. Piper utan fingerhol vart spelt på vekselvis, fleire samtidig eller med ulike spelteknikkar.

Pipene vart laga som tidsfordriv for ungar, gjetarar og fiskarar. Dei vart òg nytta på andejakt. Kunsten å lage soropiper vart truleg spreidd i saman med jordbruket og innføringa av metallverktøy. I samband med innhaustinga av rug vart sigdene slipt og dei vaksne laga piper av halm til ungane under pauser og når dei passa treskinga.

Musikken var improvisert, ofte inspirert av lydar frå naturen eller kyrkjeklokkene, og innimellom i veksling med «runosång», ein songtradisjon som særleg var utbreidd i Karelen og Ingermanland. Dei dyktigaste spelarane kunne stemme pipene og spele marsjer og andre songar. Pipene vart òg nytta til ugagn: Gutane gøymde seg i rugåkrene for å skremme jenter som passerte på veg til dans.

Ein av dei eldste tradisjonene kan knyttast til påskepipa: Om natta lot ein pipa lyda for å halde unna hekser og sikre lykke for buskapen. Det er fleire magiske formlar som er teken vare på som ein veit kan knyttast til pipetilverking. Dei vart framsagt medan ein rulla pipa mellom handflatene for å få den til å låte rett. I visse områder forbaud dei eldre ungane å spele fordi dei meinte at lyden trakk til seg orm. I Värmland, Sverige, spelte skogsfinnane halmpiper på julekvelden for å halde seg vakne. Lengre mot aust, i Karelen, dokumenterte folkløreinnsamlaren A. O. Väisänen soropipespel i 1916, mellom anna med den berømte klagesongaren Matjoi Plattanen.

Soropiper passar òg i ei moderne tid. Å bygge stråpiper er enkelt og givande – det finnst rikeleg med materiale i naturen året rundt. Pipene oppmuntrar til å uttrykke eit breitt spektrum av kjensler, dessutan til å ha det artig og til å utforske eigne og felles naturlege sett å spele musik.


Byggesteg for røyrpipe

Materiale

Dei mest haldbare stråpipene tiverkast av takrøyr som haustast mellom januar og mai, rug som samlast inn i august og sløke i september. Om sommaren kan òg hundekjeks brukast, men dei varer ikkje så lenge og er dessutan svakt giftige. Skjer ståande, solide stilker nær rota. Bruk kniv, ljå eller ljåblad. Ta vekk dei mjuke toppane og samle stilkane saman. Tørk dei om det trengs, og lagre dei på ein tørr og godt ventilert stad.



Bilete 2. Nyt naturen, men bruk vernebriller ved innsamling av stilkar.



Skjer stilken til pipeemnene ved knuten/leddet

Arbeid varsamt og ha førstehjelpsskrinet lett tilgjengeleg. Grip strået med venstre hand like til venstre for knuten og hald kniven vinkelrett bak strået med den andre handa. Press knutens midte med tommelen mot bladet og vri samtidig strået fram- og oppover. Alternativt, hold kniven normalt, plassere bladet mot knuten og trykk ned medan du vrir strået. Etter nokre runder, ta tak i strået på båe sider av knuten og bryt av. Dersom strået ikkje går av skal du lage sporet djupare. Frå eitt strå får du cirka 5–8 pipeemne.

Skjer røyrrbladet

Bruk brytebladkniv eller spikkekniv. Hald emnet nokre centimeter frå den smale, sylindriske spissen. Plasser bladet 5 mm frå spissen i omlag 45° vinkel og skjer gjennom veggen. Lyft røyrrbladet og forleng det til cirka 3 cm ved å vri knivbladet under det. Tommelen ved basen hindrer bladet frå å verta for langt. Alternativt kan du dra sidesnitt separat med kort blad. Eit vellukka røyrrblad stikk nokre millimeter opp.

Opne knuten

Bruk fil, kniv, syl eller ein spiss bjørkekvist.

Ta bort hinna

Trykk ned røyrrbladet og før inn ein bjørkekvist eller ei fil gjennom pipa. Rør skrapa fram og attende, samtidig som du vrir. Blås ut restane.

Få lyd i pipa

Observer: Røyrrbladet må vibrere for å gje lyd. Sett pipa djupt i munnen, steng enden med tunga og blås. Om pipa ikkje låter kan det skuldast spelaren, instrumentet eller båe. Røyrrbladet kan vera for lavt, for djupt/breitt, for kort eller for langt. Eit lite hol ved røyrrbladet kan hindre at det vert lyd. Blås med ulik styrke og hald pipa tørr.

Skjer fingerhol

Skjer 4–8 fingerhol skrått gjennom pipas vegg ved basen, i linje med røyrrbladet. Gjer neste snitt spegelvent 3–5 mm frå det fyrste og vri bladet for å losne biten. Skjer dei resterande hola etter ynskjemål. Du kan finne durtoneskalaen ved å byrje 4 cm frå botnen og nytte mønsteret 1–1½–1–1–1½. Gjer piper i ulike tonearter ved å plassere fingerhola på ulike stader.

Finpuss fingerhola

Vri ein spiss rund pinne i kvart fingerhol medan du stør på sidene. Skrap/puss innsida på pipa ein gong til.

Fest proppen

Form ein ertestor bit bivoks til ein sylinder og skru han inn som ein plugg i pipas munnende, ovafor røyrrbladet. Klipp av overflødig materiale. Alternativt kan du spikke ein tørr kvist til passande

storleik, set ein drope lim i enden og trykk kvistbiten inn om lag 5 mm i pipas munnende. La det tørke, sag av og slip overflata med sandpapir.

Futteral til pipa

Sag av ein bit av eit elrøyr (høyr gjerne med ein elektrisk om røyrrestar) eller eit anna passande røyr, nokre centimeter lengre enn sjølv pipa.

Bruk ei tørr grein til å lage proppar, cirka 7 cm lang og noko tjukkare enn innerdiameteren til røyet. Ta vekk litt bark og tre med ein kniv slik at proppen nesten passar. Tillset ein dråpe lim, bank proppen 1–2 cm inn i røyet mot eit hardt underlag eller med ein hammar. Sag av jamnt med røyrkanten.

Spikk om naudsynt resten av greina slik at proppen stikker omlag 2 cm inn i røyet. Bruk kniv eller sandpapir for å jamne til røyrendene og proppane. Om du vil kan du surre ei remse kokt bjørkenever eller ei stoffremse rundt røyet. Eit futteral kan òg gjerast av ei tørr grein, utbora med eit langt trebor, eller av ei fersk hyllegrein der du fjernar den mjuke margen.



Bilete 13: Røyrpipe med futteral kledd i bjørkenever

Det vart bygd soropipa på verkstaden «Læven og lokk – Nordisk instrumentbyggarseminar» i Oslo, 23–24 oktober 2025. Seminaret vart organisert av Karstein Grønnesby og Sylvelin Hege Sevilhaug i samarbeid med Norsk lur- og bukkehornlag.

Lenke til video frå instrumentmakarseminaret:
<https://www.youtube.com/shorts/c-WmTTitUIM>

Foto: Minna Hokka

Norsk omsetting: Sylvelin Hege Sevilhaug

Koski TL 19 februar 2026

Minna Hokka

minnahokka.com

Seminaret vart gjennomført med stønad frå: